



## VEDLEGG 1 Innspel til planprogrammet

Planprogrammet for planprosessen var på høyring i perioden 29. november – 09. desember 2020.  
Det kom inn høyringsfråsegn frå:

- Norges vassdrags- og energidirektorat
- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland fylkeskommune
- Direktorat for mineralforvaltning

Modalen kommune  
Postboks 44  
5729 MODALEN

Vår dato: 04.12.2020  
Vår ref.: 202014607-2  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 06.11.2020  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Toralf Otnes  
22959527/toot@nve.no

## **NVE sitt innspel til varsel om oppstart av arbeid med Kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2022-2030 - Modalen kommune**

Vi syner til brev datert 06.11.2020. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med Kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2022 – 2030.

Dersom kommunedelplanen legg opp til nye eller auka vassuttak utover det som i dag er tillate i medhald av vassressurslova (vrl.), så NVE må vurdere dei etter vrl. før utbygging. Vi oppmodar dykk om synleggjere dette i planen dersom det er aktuelt.

NVE har elles ingen innspel, og ynskjer dykk lukke til med planarbeidet.

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*



Norconsult

Saksbehandlar, innvalstelefon

Britt Solheim, 5557 2334

## Fråsegn til oppstartsmelding for kommunedelplan for vassforsyning, avløp og vassmiljø 2022-2030 - Modalen kommune

Fylkesmannen viser til oppstartsmelding for kommunedelplan for vatn og avløp motteke 6. november 2020. Planforslaget er sendt på høyring for offentleg ettersyn jamfør plan- og bygningslova § 5-2, med frist 9. desember 2020.

Det skal utarbeidast ein felles plan for områda vassforsyning, avlaup og vassmiljø. Planen skal fungere som eit overordna styringsverktøy og skal legge til rette for berekraftig og langsiktig forvaltning av infrastruktur og best mogleg samordning med andre samfunnsaktørar.

Vi gjer merksam på at vi her berre gir fråsegn til kommunedelplan avløp og ikkje til vassforsyning.

Føremålet med planen er å sjå på utfordringar og løysingar knytt til privat og offentleg infrastruktur for vatn og avløp.

I høyringa av planprogrammet ynskjer ein å få fram om det er andre tema som bør vere med i planen, og /eller om det er andre interesser det må takast omsyn til.

Fylkesmannen ser positivt på at om lag 85 % av innbyggjarane i kommunen er tilknytt kommunalt avløpsanlegg. Likevel kan det sjå ut som om kommunen har problem på avløpssektoren som ikkje samsvarar med dagens regelverk når det gjeld separering av avløpsvatn, tilstand på leidningsnettet, kapasitet og driftsproblem.

Modalen kommune har krav om reinsing etter forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13, og kommunen har utslepp både til elv og sjø. Punkt 3.4.2 i planen viser tema som alle er viktige å ha med for avløpshandteringa i kommunen.

Det er vist til at kommunen manglar digitalt leidningskartverk og at dette er ei utfordring, mellom anna i planarbeidet og ved utarbeiding av ROS for vassforsyninga.



Internkontrollforskrifta gjelder for kommunen som aktør. Internkontrollforskrifta § 5 stiller krav til innhaldet i og dokumentasjon av internkontroll. Verksemda skal mellom anna ha mål for sitt arbeid med helse-, miljø- og tryggleiksarbeid. Mål er ei viktig føresetnad for planer og aktivitet, og bør vere så konkrete som mogleg. Måla skal vere dokumenterte. Verksemda skal også utarbeide risikovurderingar og på bakgrunn av desse utarbeide handlingsplanar i tillegg til rutinar. Dette skal vere skriftleg dokumentert i internkontrollen.

Vi vil peike på at det også er viktig å ha på plass miljørisikoanalyse for avløp. Norsk Vann har utarbeidd ei rapport med døme på risikovurdering for ytre miljø for avløpsanlegg<sup>1</sup>.

I planprogrammet er det vist til at resipientane ikkje er undersøkt med omsyn til utslepp av avløpsvatn i Modalen sidan midten av 90-talet. Sjølv om påverknaden av utslepp av avløpsvatn er antatt å vere låg, er det viktig å ta det med som ein del av planarbeidet. Fylkesmannen vil peike på at det er viktig at resipientkapasitet og avløpsvatnet sin samansetning blir vurdert som ein del av planarbeidet. Dette gjelder også kontroll med overløp, separering av avløpsvatn og hydraulisk belastning for riktig dimensjonering av avløpsanlegga.

Dersom avløpsanlegg ikkje er oppgraderte etter at forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 tok til å gjelde i 2007, vi vil minne om at forureiningsforskrifta kapittel 13 har krav om at ved etablering av nye utslepp eller vesentleg auke i utslepp av kommunalt avløpsvatn, skal den ansvarlege sørge for at utsleppa skal etablerast og drivast i samsvar med krav i § 13-6 til 13-16. Det vil sei at krav for utslepp til følsamt, normalt område og mindre følsamt område må overhaldast. Avløpsanlegga skal utformast og drivast i tråd med forskrifta og i tillegg er det krav om prøvetaking.

Vi har elles inga merknader til kommunedelplan avløp for Modalen kommune.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Britt Solheim  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

---

<sup>1</sup> Norsk Vann – rapport 197-2013 «Avløpsanlegg – Vurdering av risiko for ytre miljø»

---

Vår referanse 2020/76317-5  
Dato 08.12.2020

---

NORCONSULT AS  
Postboks 626  
1303 SANDVIKA

## Melding om oppstart av planarbeid: Kommunedelplan for vassforsyning - avlaup og vassmiljø 2022-2030 - Modalen kommune

Vi viser til brev datert 06.11.2020 om oppstart av arbeid med kommunedelplan for vassforsyning-avlaup og vassmiljø 2022-2030 med planprogram. Hovudføremålet med planarbeidet er å rullere hovudplan for vassforsyning (1997-2007) og hovudplan for avlaup (1997-2007). Det skal utarbeidast ein felles plan for områda vassforsyning, avlaup og vassmiljø. Planen skal fungere som eit overordna styringsverktøy og skal legge til rette for berekraftig og langsiktig forvaltning av infrastrukturen, samt best mogleg samordning med andre samfunnsaktørar.

### Fokus i planarbeidet:

- Hovudfokus for vassforsyninga er å legge til rette for gode og framtidretta løysingar for å kunne levere nok og godt vatn til alle abonnentane til ei kvar tid, samt sløkkevatn ved brann.
- Hovudfokus for avlaup og vassmiljø er å legge til rette for gode og framtidretta løysingar for oppsamling, transport og reinsing av avlaupsvatn frå alle abonnentane. Vidare skal ein ha fokus på arbeid etter vassforskrifta, der ein har mål om å oppnå og oppretthalde god økologisk og kjemisk tilstand i alle vassførekomstar i kommunen.

### Planprogram:

Planprogrammet skal klargjere formål med kommunedelplanen, samt avklare rammer og premiss for arbeidet. Det skal vidare avklarast kva tema og problemstillingar som er knytt til planarbeidet, og kva for utgreiingar som må utførast i planperioden. Det vert òg gjort greie for planprosessen med framdriftsplan, fristar og opplegg for medverknad.

## Vurdering

Vestland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vestland fylkeskommune, ved vassområdekoordinator for vassområdet Voss-Osterfjorden ser det som eit viktig tiltak at Modalen no vil oppdatere sin plan for vatn og avløp og også ser på vassmiljø som ein viktig del av planen. Det er viktig at Modalen sjølv med få innbyggjarar og eit stort vassdrag og fjordsystem får ei god kartlegging av sin påverknad av desse vassførekomstane. Vassområdet kan bidra med informasjon slik at Modalen kan ha økonomisk gevinst i å ta del i felles undersøkingar som eventuelt skal gjennomførast i vassområdet eller regionen.

Godt vassmiljø vert oppretthalde med gode førebyggjande tiltak der regelverk for avløp og landbruk vert fylgt opp. Det vert vist til nasjonale føringar for dette frå mars-2019.

Planprogrammet er utfyllande og godt med ein detaljert gjennomgang av tema som skal handsamast. Det er også nyttig og viktig at planen omtalar prosedyrar for bruk av §12 i Vassforskrifta med omsyn på nye utslepp til resipientar og vassførekomstar.

Vi meiner og det er viktig å få kartlagt og godkjent alle spreidde avløp i kommunen slik at desse tilfredstillar reinsekrava etter paragraf 12 og 13 i forureiningsforskrifta. Eventuell mogeleg tilkopling

av spreidde avløp til kommunalt leidningsnett eller etablering av felles reinseanlegg er viktig å få utgreidd i planen.

Offentlege eller mykje brukte badeplassar må og vere med i vurderinga av tilstanden til resipientar.

### **Planfagleg**

Planprogrammet er utfyllande og har teke inn dei tema som er relevante for planarbeidet. Dei regionale planane som er førande for arbeidet er teke inn under regionale føringar. Her vil vi og informere om at Vestland fylkeskommune nyleg har vedteke regional planstrategi, som vi har valt å kalle Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. I denne tek fylket FN sine berekraftsmål ned på regionalt nivå og implementerer desse gjennom fire målsettingar. Mål 2 seier at klima og miljø skal vere eit premiss for samfunnsutvikling, og i dette ligg det at vi i Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling. Med dette meinast at vi må tilpasse samfunnet slik at det er robust i møte med klimaendringane. Vi vil få hyppigare ekstreme naturhendingar i form av styrtregn, flaum, ras og skred, som påverkar kritisk infrastruktur, næringsliv, natur- og kulturmiljø. I tillegg til dei økonomiske konsekvensane påverkar dette tryggleiken og helsa i befolkninga. Dette gir nye utfordringar for planlegginga, og eit nytt risiko- og sårbarheitsbilete som påverkar samfunnsutvikling, næringsliv og kvardagslivet til folk. Vi opplever at planprogrammet i stor grad har teke inn desse utfordringane under kapittel 3.1.1 klimaendringar. Elles er vi positive til at kommunen har valt å ta inn tema vassforsyning og avlaup i same plan framfor at desse vert to separate planar. Færre planar bidreg til å lette oppfølginga og tydeleggjere samanhengar.

### **Kulturminnefagleg**

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Planprogrammet for kommunedelplanen listar kulturminnelova som ei av særlovene som må følgjast i det vidare arbeidet, men kulturminne og kulturmiljø er elles ikkje nemnt. Vi vil minne om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova må avklarast ved planlegging av nye vass- og avlaupstraséar i kommunen. Vestland fylkeskommune har elles ikkje kulturminnefaglege merknader i saka.

### **Vegfaglege innspel**

Kommentar til kap. 3.3.3 Overlaupsproblematikk og 3.4 Utgreiingstema.

Eit utgreiingstema om overlaupsproblematikk knytt til veg kan være med i det vidare utgreiingsarbeidet om behov for fornying eller dimensjonering av avlaupsnettet. Fylkesvegen er sårbar for skade ved erosjon og vassintrenging. Om det vert vurdert konkrete tiltak for å redusere belastninga på eksisterande avlaupsnett ved å leie vekk vatn, må ein sørge for at tiltaka ikkje vil auke den hydrologiske belastninga på grøftesystem eller kulvertar knytt til veg.

Kommentar til vidare arbeid med ROS-analyse for vassførekomstane

Om plasseringa av vassreservoar i lausmassar i kommunen er slik at dei kan bli påverka av plutselige utslepp frå veg, ynskjer vi å spele inn dette som eit evalueringspunkt i dykkar vidare arbeid med ROS-analyse.

Innspel til endring av planen sitt omfang.

Planen nemner utfordringar for kommunen knytt til handsaming av vatn ved kraftigare og hyppigare ekstremnedbør i framtida. I arbeidet med å vurdere korleis klimaendringar kan påverke forsyningssikkerheita for vannettet, kan det etter vårt syn og være føremålstenleg å trekkje inn ei utgreiing av moglege sikringstiltak for veg mot flaum.

Langs fv. 5412 er det nokre kritiske punkt som er flaumutsette ved høg vasstand i elva. Tiltak ved desse punkta krev eit samarbeid mellom fleire partar som til dømes NVE og VLFK og det kan vera aktuelt å starte ein reguleringsprosess.

Ein av utfordringane med den allereie spreia utbygginga i Modalen er sårbarheita i beredskapsituasjonar. Dei omtalte flaumutsette punkta langs Fv. 5412 har ved tidlegare flaumhendingar sperra fylkesvegen slik at beredskapskøyretøy blant anna ikkje har fått tilgang til delar av kommunen si befolkning. Dette styrkar behovet for ein strategisk planlegging av samferdselen i kommunen.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

**Oppsummering**

Vestland fylkeskommune meiner det er gjort eit godt arbeid med planprogram for kommunedelplan for vassforsyning- avlaup og vassmiljø for Modalen kommune. Vi har kome med nokre innspel til det vidare planarbeidet om viktigheita av å få kartlagt alle spreidde avløp i kommunen slik at dei tilfredstillar krava, og at planen må vise omsyn til nye utslepp til resipientar og vassførekomstar. Vidare har vi kome med innspel i høve kulturminne og veg. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule  
fagleiar

Alette Hus Kråkenes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

Modalen Kommune

Fylkesmannen i Vestland

Statens Vegvesen

Sakshandsamarar:

Alette Hus Kråkenes  
Sveinung Klyve  
Ambjørg Reinsnos  
Kristoffer Grane

Seksjon for plan, klima og folkehelse  
Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv  
Seksjon for kulturarv  
Seksjon for infrastruktur og veg- Forvaltning og utgreiing



Modalen kommune  
Postboks 44  
5729 MODALEN

Dato: 04.12.2020  
Vår ref: 20/03752-2  
Deres ref:

## Fråsegn til melding om oppstart av planarbeid: Kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2022-2030, Modalen kommune

### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

**WEB** [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG\_NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 6. november 2020.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressurser (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

### Viktige føringar for mineralressursar i planarbeidet

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, heiter det at Noreg har store mineralressursar som kan gi grunnlag for verdiskaping og arbeidsplassar. Regional og kommunal planlegging er eit viktig verktøy for å sikre at mineralførekomstar som kan vere aktuelle framtidige uttak er tilgjengelege, samtidig som ein tek miljø- og samfunnsomsyn.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige mineralførekomstar i planane sine og veg utvinning opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Tilgangen til, og lagringa av, byggjeråstoff må sjåast i eit regionalt perspektiv.

### Om saken

Kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2022-2030, skal fungere som eit overordna styringsverktøy og skal legge til rette for berekraftig og langsiktig forvaltning av infrastrukturen, samt best mogleg samordning med andre samfunnsaktørar. Planprogrammet skal klargjere formål med kommunedelplanen, samt avklare rammer og premiss for arbeidet.

### Fråsegn frå DMF





Modalen kommune har i følge Noregs Geologiske Undersøking (NGU) ein del registrerte førekomstar av byggeråstoff (sand, grus og pukk)<sup>1</sup>. DMF si digitale kartløyising visar at kommunen har fem masseuttak i drift; Mo, Granheim, Helland, Høgabrekka og Otterstad<sup>2</sup>.

#### Innspel til planprogrammet

Planprogrammet bør sikre at det i planarbeidet leggjast til grunn ein oversikt over mineralressursane i kommunen slik at ikkje nye vatn- og avlaupsleidningar leggst over ressursar utan å ta stilling til om ressursen skal vinnast ut eller sikrast for framtida.

DMF minner om at mineralressursar er et eget utgreiingstema jf. *Forskrift om konsekvensutredninger* (2017), § 21.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløyising, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonssjef

Karoline Ulvund  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Karoline Ulvund

Mottakarar:

Norconsult AS

Postboks 1199 Sentrum

5811 BERGEN

Modalen kommune

Postboks 44

5729 MODALEN

Kopi til:

---

<sup>1</sup> Grus og pukkdatabasen, Modalen kommune, NGU:

[https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus\\_GP\\_Oppslag\\_KS.Alle\\_fkom\\_komm?p\\_kommunenr=4629](https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Oppslag_KS.Alle_fkom_komm?p_kommunenr=4629)

<sup>2</sup>DMF kartinnsyn:

[https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus\\_GP\\_Oppslag\\_KS.Alle\\_fkom\\_komm?p\\_kommunenr=4629](https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Oppslag_KS.Alle_fkom_komm?p_kommunenr=4629)